



UTSTILLINGSVINDAUGA for kvinner i lokalpolitikken

Fleire kvinner inn i Reinheimen.

I samband med at Reinheimen Nasjonalpark fekk kommunal forvaltning, vart det oppretta eit kontaktutval med to representantar frå kvar av dei 6 berørte kommunane. Lokale forvaltningsoppgåver i tilknytning til verneområda vert sett på som ei av dei viktigaste oppgåvene for lokalpolitikkarar i dag. Alle representantane som skal gjere kloke val i Reinheimen er menn !

Når vi så kjempar for å behalde den lokale forvaltninga i både eksisterande og nye verneområde, er ei slik handtering av viktige likestillingsspørsmål som å skyte seg sjølv i foten. Dette ei utfordring for alle Reinheimen kommunane, sjølv sagt også Lom. Vi må straks sette i gang arbeidet med å få ei betre fordeling mellom kjønna i alle organ som har slike oppgåver.

Dette er eit problem som strekkjer seg ut over forvaltninga av Reinheimen. Norsk institutt for naturforskning har i ein nyleg publisert rapport konkludert med at det manglar likestilling i lokal naturforvaltning.

Av 440 deltakarar i lokale referansegrupper er det 48 kvinner eller 10,9 %.

Bruk og vern av landskap og naturressursar er eit mannsdominert felt, og likestilling i lokal naturforvaltning er i stor grad eit oversett tema. Dette er truleg eit av dei område der norsk likestillingspolitikk er aller mest fråverande. Og det er klart at det er eit stort problem når kvinner ikkje deltek i like stor grad som menn. Det handlar om rettferd og fridom til å delta. Det handlar om at kvinner, med sine erfaringar, vil kunne tilføre forvaltninga nye idear og verdiar. Og det handlar om at ei slik kjønnsbalanse som NINAs rapport avdekkjer svekkar tilliten til dei valgte organa og dermed legitimiteten til dei vedtak som vert fatta. Studier viser da også at det utgjør ein viktig forskjell om kvinner deltek eller ikkje.

Fjell, utmark og jakt er ein tradisjonell mannsarena. Grunneigarlag, fjellstyrer og viltneemnder er ofte dominert av ein mannskultur. Dette ser vi også gjev utslag ved oppnemning av medlemmar til referansegrupper i verneprosessar. Organ som har med forvaltning av naturen å gjere har høg status i lokalbefolkninga. Og dei er alt for viktige til at kvinner ikkje skal delta. I kampen om framtidig lokal forvaltning av nye verneområde, til dømes Breheimen, vil den lokale likestillingspolitikken på sett og vis bli avgjerande for framtidig delegering.

Eg er viss på at Kommunal og regionaldepartementet som mellom anna har utnemnt Sel, Dovre og Lom til såkalla utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken, no vil ta grep for å innføre norsk likestillingspolitikk på eit hittil forsømt område. Desse organa må sjølv sagt omfattast av kvoteringsreglane i kommunelova. Inntil det skjer har kommunane eit sterkt sjølvstendig ansvar for å få kvinnene inn i desse fora.